



Fortun Bensinstasjon

Lustravegen 4851
6877 FORTUN

Fortun Bensinstasjon - oversending av utsleppsløyve

Fylkesmannen gir løyve etter ureiningslova til drift av verkstad og mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy ved Fortun Bensinstasjon, gbnr 13/66

Forvaltninga sitt arbeid med utsleppsløyve er omfatta av ei gebyrordning, og verksemda vil få betalingskrav i etterkant.

Vi viser til søknad frå Fortun Bensinstasjon datert 22.11.2017 om løyve etter ureiningslova for drift av verkstad og mottak og miljøsanering av kasserte kjøretøy.

Det vert søkt om løyve til årleg mottak av maksimalt 60 kasserte kjøretøy. Det vil vere behov for samstundes lagring av inntil 10 usanerte og 50 sanerte bilvrak. Dei usanerte bilvraka skal lagrast på fast dekke, medan dei sanerte vert lagra i område med grusdekke.

Fortun Bensinstasjon AS har ikkje søkt om løyve til utbetaling av vrakpant. Dei transporterer eigne bilvrak til godkjent mottak på Kaupanger, og kan også ta oppdrag med transport av bilvrak for andre.

Saksframstilling

Fortun Bilverkstad er ei etablert verksemd som har drive verkstad og sal av nye og brukte bilar i mange år. Kasserte bilar vert teke inn for deleplukking til bruk i eigen verkstad og sal til andre verkstader. Etter tilsyn frå Luster kommune og Fylkesmannen i mai 2015 fekk verksemda pålegg om opprydding og fjerning av bilvrak. Det var då lagra om lag 130 bilvrak på eigedommen. Etter tilsynet er det gjort ei stor opprydding. Om lag 65 bilvrak og mykje metallskrap samt ein del farleg avfall er levert til godkjent mottakar.

Verksemda skal framover drive med same type aktivitet som tidlegare, men ønskjer at dette vert regulert gjennom eit utsleppsløyve.

Førehandsvarsling og offentleg høyring

Søknaden har vore kunngjort i Sogn Avis og søknadsdokumenta har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn ved tenestetorget i Luster kommune i tida 15.12.2017 – 15.01.2018. Søknaden er også kunngjort på Fylkesmannen si nettside.

Det er komme tre uttaler til søknaden.

Uttale frå Luster kommune:

Kommune viser til at det no er gjort ei stor opprydding på eigedommen, men at drifta ved Fortun Bensinstasjon er slik lagt opp at det er naudsynt å ha høve til å ta imot mange ulike kjøretøy anten det er for vidaresal, til delebilar eller til levering på Kaupanger.

Kommunen viser til at det er marginale tilhøve for å driva verkstad og bilforretning så langt ut i utkanten. Kommune meiner ein difor bør leggja til rette for at verksemda kan driva på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte totalt sett, og ha naudsynte løyve til å ta på seg det mangfaldet av oppgåver som samla sett utgjør livsgrunnlaget for verksemda.

Målsetnaden må vera å sikra at Fortun Bensinstasjon tek tilfredsstillande miljøomsyn utan å påleggja dei restriksjonar som gjer drifta unødig vanskeleg .

Uttale frå naboar Anne Tone Lindstrøm Jenssen og Sverre Erik Jenssen:

Dei bur for tida i Sogndal, men skal bli fastbuande i Fortun våren/sommaren 2018.

Naboane er kritiske til at det frå deira eigedom er godt innsyn til lagra bilvrak, og at dette er skjemma og til sjenanse for naboar. Dei har forståing for at Fortun Bensinstasjon vil fortsetja med oppsamling av bilvrak. Som nærmaste naboar, og dei som vil bli mest berørt av dette, krev dei at det vert sett opp eit 2meter høgt, tett, plankegjerd langs heile elvekanten og området , slik at denne verksemda vert meir gøymd for naboar. Dei meiner og at eit tett plankegjerd vil gå meir i eitt med naturen, i staden for bilvrak i all slags fargar.

Fortun Bensinstasjon sine kommentarar:

Dei viser til at dette huset har stått tomt lenge, og at dei ikkje var klar over at eigarane skulle flytte tilbake til Fortun. Mor til dagens eigar budde her tidlegare, og ho ønska at skogen langs med elva vart fjerna på bensinstasjonen si side, fordi ho ville ha meir sol på terrassen. Dette førte til at det vart meir innsyn, noko det vert klaga på no.

Uttale frå Namdal Biloppbuggeri AS:

Dei ønsker å påpeke at sanerte bilvrak må lagrast på faste/ugjennomtrengelige dekker (altså ikkje asfalt). Dette dekket skal ha avrenning til sluk med oljeutskiljar. Oljeutskiljaren må vere godkjent for å tåle regnmengde for det totale arealet som samlar opp overvatn. Det vil vere heilt feil å la aktørar lagre sine sanerte bilvrak på grus.

Fortun Bensinstasjon sine kommentarar:

Dei kjem til å sanere bilane inne på verkstaden, der dei brukar botnpluggar. Dette monterer dei på når det er tomt, slik at ein hindrar lekkasje i ettertid.

Fylkesmannen sine vurderingar og grunngjeving for fastsette vilkår

Vi vil streke under at all ureining frå verksemda og innsyn frå offentleg område isolert sett er uønskt. Faktorane som vi vurderer har størst innverknad på miljøet, er regulerte gjennom dei spesifikke vilkåra. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagde fram i samband med saksbehandlinga eller må reknast som kjende på anna måte då vedtaket vart gjort.

Verksemda pliktar å halde alle utslepp på eit lågast mogleg nivå, og pliktar å rydde opp i eventuell ureining eller forsøpling så snart som råd, jf. dei generelle pliktane som følgjer av §§ 7 og 28 i ureiningslova.

Vi gjer spesielt merksam på at mange krav går direkte fram av lov/forskrift og er ikkje gjentekne i det vedlagte løyve. Når enkelte lovkrav er spesielt nemnde, har vi meint å informere verksemda og ålmenta om spesielt viktige krav, og i nokre høve presisere og tilpasse generelle reglar til verksemda.

Ved tvil om tolking gjeld likevel krav i lovverket over vedtak i løyvet, dersom lovteksten ikkje gir styresmakta heimel til særskild unntak eller skjerpning. Nettstaden www.regelhjelp.no gir oversikt over dei viktigaste ureinings- og avfallshandteringskrav til ei lang rad verksemder i Norge.

Fylkesmannen finn det ikkje nødvendig å setje krav om oljeutskiljar, men stiller krav til at all handtering av flytande farleg avfall skal skje på fast dekke med oppsamlingsmoglegheit og at

absorbent skal vera tilgjengeleg på anlegget. Oljehaldig vatn og anna flytande farleg avfall må ikkje lekke ut i grunnen.

Naboar ber om at det vert sett opp eit 2 meter høgt, tett plankegjerd langs heile elvekanten for å hindre innsyn. Det er i løyvet sett krav om skjerming mot innsyn der sanerte bilvrak vert lagra, men det er ikkje krav til korleis dette skal utformast. Fylkesmannen ber om at de finn ei god løysing for dette i dialog med naboar.

Fortun Bilverkstad har tidlegare lagra bilvrak i eit mykje større område enn det no vert søkt om. Vi vil difor presisere at løyvet til lagring av bilvrak gjeld for dei areala som er markert som lagringsområde i løyvesøknaden. Dersom det vert aktuelt med lagring utover desse areala, vil dette krevje ei endring av løyvet.

Fordelar ved verksemda

Verksemda vil med sin aktivitet bidra til auka ombruk av delar frå kasserte bilar. Å bidra til auka ombruk og materialgjenvinning for å redusere avfallsmengda er eit viktig prinsipp i den norske avfallspolitikken.

Vurdering etter naturmangfaldlova

I tillegg til retningslinene i ureiningslova, er også prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova lagt til grunn for vår vurdering av om løyve kan gjevast.

Eigedommen har i lang tid vore nytta til bensinstasjon og verkstad. Det er rydda mykje rundt eigedommen, og framtidig drift vil gjennom dette løyvet ha klare rammer for omfanget av aktiviteten. Alle vilkåra som er sett til verksemda i løyvet, er med sikte på å unngå eller avgrense ureining og potensiell skade på miljø, natur, folk og dyreliv.

Vurdering etter Vassforskrifta

Prinsippa i vassforskrifta er også lagt til grunn for vår vurdering av om løyve kan gjevast. Aktiviteten er vurdert i høve § 12 i vassforskrifta. Det er ikkje grunn til å tru at utslepp frå verksemda vil kunne føre til endra tilstand i vassførekomsten 075-27-R, Fortundalselva, nedre del. Denne vassførekomsten er sterkt modifisert på grunn av kraftutbygging.

Konklusjon

På bakgrunn av søknad og ei heilskapleg vurdering av miljømessige, tekniske og økonomiske forhold vurderer Fylkesmannen at løyve etter ureiningslova på nærmare gitte vilkår kan gjevast.

Miljøpåverknader og andre ulemper som verksemda vil gje med sin aktivitet, har Fylkesmannen søkt å redusere gjennom krav til drifta i utsleppsløyvet.

Løyvedokumentet vert sendt saman med dette skrivet.

Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel om gebyrplikt datert 06.12.2017, og vedtek med dette at verksemda må betale eit gebyr til staten på **kr. 19 700,-** for Fylkesmannen si handsaming av søknaden, jf. sats 7 i § 39-4 i ureiningsforskrifta. Faktura vert sendt ut seinare av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter mottak av faktura.

Generelle føresetnader for løyvet og informasjon om regelverket

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere endringar i dette løyvet med heimel i § 18 i ureiningslova. Endringar skal vere grunna på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor liggje føre i god tid før endring kan gjennomførast.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova kap. 7.

Klagerett

Vedtaket om utsleppsløyve og gebyr, kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker etter melding om vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde skaffa seg kjennskap til vedtaket. Ein eventuell klage skal opplyse nærare kva det vert klaga på og den eller dei endringane som ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar som har noko å seie for saka bør nemnast. Klagen skal sendes til Fylkesmannen.

Offentleggjering av løyvet

Fylkesmannen vil kunngjere løyvet på sine nettsider.

Med helsing

Dagny K. Ugulsvik Alvik
fagdirektør

Grete Haugan
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Løyvedokumentet

Kopi med vedlegg: Luster kommune
Anne Tone Lindstrøm Jenssen og Svenn Erik Jenssen
Namdal Bilopphuggeri AS



Løyve etter ureiningslova for verkstad og handtering av kasserte kjøretøy i Fortun, Luster kommune.

Fortun bensinstasjon

Løyvet er gitt i medhald av lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6 (ureiningslova), § 11 jf. § 16, og § 11-6 i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta). Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad om utsleppsløyve av 22.11.2017.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom verksemda ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av vilkår eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Verksemddata:

Verksemd:	Fortun Bensinstasjon		
Adresse, poststad	Lustravegen 4851 6877 Fortun		
Gards- og bruksnr.	13/66		
Kommune og fylke	Luster i Sogn og Fjordane		
Org. nummer (føretak/eigd av)	960 552 059	Org.nr. (verksemd)	972 215 627
NACE-kode	47.300 - Detaljhandel med drivstoff til motorvogner		

Fylkesmannen sine referansar:

Arkivkode	Anleggsnummer	Løyvenummer
2015/2124	1426.0049.01	2018.0216.T

Løyve gitt: 06.03.2018	Endringsnummer: -	Løyve endra: -
Dagny Alvik Fagdirektør	Grete Haugan Senioringeniør	

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

1. Rammer

Løyvet gjeld for verkstaddrift med mottak, miljøsanering, deleplukking og mellomlagring av kasserte kjøretøy (bilvrak). Løyvet gjeld for dei mengdene som går fram av tabellen nedanfor:

	Årleg, maksimalt tal mottekne kjøretøy	Maksimalt mellomagra på anlegget, ferdig sanert	Maksimalt mellomagra på anlegget, usanert
Kasserte kjøretøy (stk)	60	50	10

Løyvet gjeld **ikkje** pressing av bilar.

Løyvet gjeld **ikkje** utskrivning av pantekvitte for vrakpant.

2. Generelle krav

2.1. Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å ha størst effekt på miljøet, er uttrykkeleg omtalt eller regulert i vilkåra i dette løyvet.

2.2. Plikt til å redusere ureining så langt som mogleg

All ureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfallshandtering, er isolert sett uønskt. Jamvel om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for.

2.3. Internkontroll, HMS-dokumentasjon for ytre miljø

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse¹ av aktivitetane sin. Analysen skal omtale alle forhold ved verksemda som kan medføre fare for ureining eller avfallsproblem på verksemda sitt område eller utanfor. Med grunnlag i analysen skal verksemda vurdere risiko og fastlegge akseptabel risiko for det ytre miljøet.

Verksemda sin internkontroll² for ytre miljø skal vere bygt opp etter resultat frå risiko-vurderingane, krav i dette løyvet og relevante krav elles etter ureiningsregelverket.

2.4. Tiltaksplikt ved auka ureiningsfare eller unormale driftsforhold

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunner oppstår fare for auka ureining, skjemmaende aktivitetar eller liknande miljøulemper, pliktar verksemda å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å fjerne eller redusere den auka faren, også om nødvendig å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale forhold som har ført til, eller kan føre til ureining.

2.5. Nærmiljø

Verksemda skal arbeide etter rutinar som sikrar at ulemper frå lukt, støy, støv, innsyn med meir, vert reduserte til eit minimum.

Nærmiljøet skal vere skjerma mot innsyn på dei delar av eigdommen der sanerte bilvrak vert lagra.

¹ Framgangsmåten bør følge NS 5814:2008 Krav til risikovurdering (eller seinare utgåve)

² Jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 06.12.1996 nr. 1127 – eller seinare utgåve (internkontrollforskrifta)

3. Særskilde vilkår for mottak og handtering av kasserte kjøretøy

3.1. Tilrettelegging og drift

Anlegget skal byggjast og drivast i samsvar med vedlegg 1 til "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 4 – Kasserte kjøretøy, dersom ikkje anna er fastsett i dette løyvet.

Anlegget skal vere sikra slik at vatn eller grunn ikkje blir ureina. Dette føreset m.a. at verksemda til ei kvar tid har oversikt over kva vrak eller delar som inneheld farleg avfall.

3.2. Miljøsanering og lagring av kasserte kjøretøy

Område for lagring, miljøsanering, demontering m.v. av kasserte kjøretøy skal minst oppfylle dei tekniske minimumskrava i vedlegg 1 til Avfallsforskrifta", kapittel 4.

Miljøsanering og avrenning av kjøretøy og lagring av ikkje tømde/ikkje miljøsanerte kjøretøy med fare for ureining skal skje inne på verkstaden eller på fast og ugjennomtrengelig dekke med moglegheit for oppsamling.

Av omsyn til faren for lekkasjar ved mellomlagring og plukking av deler, skal miljøfarlege væsker og deler/komponentar som inneheld miljøfarlege væsker fjernast frå vraka så raskt som mogleg etter innlevering, og så langt det ikkje går ut over salsverdien til delen.

Kjøretøy som er særleg skada, eller som av andre grunnar utgjer ein ureiningsfare, må alltid lagrast på område med fast dekke.

3.3. Pressing eller sluttbehandling av kasserte kjøretøy

Miljøsanerte kjøretøy som ikkje skal nyttast til deleplukking, skal så snart som råd fraktast til godkjent mottakar for pressing og utskrivning av pantekvitte.

3.4. Handtering av farleg avfall frå kasserte kjøretøy

Verksemda skal til ei kvar tid kunne dokumentere at miljøfarlege væsker og anna farleg avfall blir fjerna frå vraka før pressing/levering, og at det vert teke hand om på ein forsvarleg måte.

Handtering og levering av miljøfarlege væsker og anna farleg avfall som følgjer med kasserte kjøretøy eller som oppstår ved verksemda, skal skje i samsvar med "Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)", kapittel 11 – Farleg avfall.

4. Utslepp til grunn og vatn

Verksemda sin aktivitet skal ikkje føre til utslepp til grunnen eller vatn som kan medføre nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Anlegget skal som eit minimum ha fast dekke med kontrollert fall med høve til oppsamling på området der farleg avfall vert handtert og lagra. Verksemda skal vidare ha materiale for oppsuging av væske (absorbent) tilgjengeleg på staden.

Verksemda pliktar å halde oversikt over eventuell eksisterande ureina grunn på eige område. Ein skal til ei kvar tid ha oversikt over faren for spreiding, samt vurdere behovet for undersøkingar og tiltak. Er det grunn til å tru at undersøkingar eller andre tiltak vil vere nødvendig, skal ureiningsstyresmakta varslast om dette.

Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje medfører skade eller ulempe for miljøet.

5. Støy

Verksemnda skal ha oversikt over alle utslepp av støy til miljøet. Oversikta skal omfatte både støy frå eigen aktivitet, og støy frå annan aktivitet som er nødvendig for verksemnda.

Jamvel om verksemnda held seg innafor grenseverdiane, har eigar av verksemnda pliktar likevel å redusere støyen så langt som praktisk mogleg. Særleg støyande delar av verksemnda skal om naudsynt skjermast ved innbygging, støyskjerm eller annan støydemping.

5.1. Utsleppsgrenser

Følgjande ekvivalente støynivå er tillate ved næraste bustad/fritidsbustad (frittfeltsverdiar):

Dag (0700 – 1900)	Kveld (1900 – 2300)	Sun- og heilagdag (0700 – 2300)	Natt (2300 – 0700)
55 dB (A) L _{pAekv12h}	50 dB (A) L _{pAekv4h}	50 dB (A) L _{pAekv16h}	Ingen støyande aktivitet

Fylkesmannen kan pålegge verksemnda å dokumentere støynivå..

6. Kjemikal

Verksemnda kan berre nytte kjemikal der dei har lokalt tilgjengeleg sikkerhetsdatablad på norsk.

Verksemnda skal ha dokumentert, samla oversikt over alle kjemikal i bruk eller på lager.

Verksemnda pliktar vidare å jamleg vurdere utskifting av helse- og miljøskadelege kjemikal med mindre skadelege kjemikal (substitusjon). Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemnda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.

7. Avfall

7.1. Generelle krav

Verksemnda pliktar, så langt dette er mogleg, å unngå at avfall vert danna som følgje av drifta. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkast avgrensa mest mogleg.

Avfall som oppstår i verksemnda skal søkast gjenbrukt. Avfall som ikkje kan gjenbrukast skal førebuast for materialgjenvinning.

7.2. Handtering av farleg avfall

Handtering av avfall skal vere forsvarleg slik at faren for utslepp er minimal. Forsvarleg handtering av det farlege avfallet vil seie å minst stette følgjande krav:

- Lagring av farleg avfall skal skje under tak og på fast dekke.
- Lager for farleg avfall skal vere sikra mot tilgjenge for uvedkomande.
- Lagra farleg avfall skal vere godt merka.
- Ulike typar farleg avfall skal ikkje blandast saman.
- Verksemnda må kunne dokumentere at farleg avfall vert deklartert og levert til godkjent mottakar minst ein gong i året.

8. Beredskap mot akutt ureining o.l.

Verksemnda skal ha ein beredskap for å hindre, oppdage eller stanse akutt ureining, forsøpling og skjemmande forhold. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som

verksemda til ei kvar tid representerer, og skal også omfatte utstyr til å fjerne og avgrense omfanget og skadane og ulempene som kan skje.

9. Rapportering til Fylkesmannen

Verksemda skal innan 1.mars kvart år sende skriftleg rapport for føregående driftsår til Fylkesmannen.

Rapporteringa skal m.a. omfatte:

- Talet på kasserte kjøretøy
 - Mottekne i året
 - Miljøsanerte
 - Leverte til mottakar
 - På lager
- Mengde og type farleg avfall
 - Samla mengde som oppstår ved verksemda
 - Levert mengde
 - På lager

Rapporteringa skal skje på særskilt skjema, utarbeidd av Fylkesmannen.

10. Større endringar

10.1. Eigarskifte

Løyvet kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå Fylkesmannen. Ny eigar kan ikkje ha eller ta imot avfall ved anlegget utan etter avklaring med Fylkesmannen.

10.2. Nedlegging eller lengre driftsstans

Dersom anlegget vert nedlagt eller stansar lenger enn 1 månad, skal løyvehavar melde frå til Fylkesmannen. Den ansvarlege skal gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for ureining. Dersom noko ved anlegget kan medføre ureining eller det er avfall som kan verke skjemmande etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke ureining og rydde opp i avfall. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekking av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall vert teke hand om på forsvarleg måte, mellom anna skal farleg avfall handterast i høve til gjeldande forskrift³. Dei tiltaka som vert gjennomført i slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegginga eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell kjøpar/ar.

Ved ny oppstart skal den ansvarlege syte for at driftsstaden er i tilfredsstillande miljøtilstand. Før oppstart skal den ansvarlege i god tid i førevegen gje melding til Fylkesmannen som kan gjere nødvendige endringar i eksisterande løyve, nekte godkjenning av ny ansvarleg eller be om at ønskt aktivitet går gjennom ny søknadsprosess. Dette gjeld for all aktivitet som kan medføre fare for ureining eller kunne verke skjemmande.

³ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall